

PROTOKOLL STYREMØTE, digitalt i Teams

Dato: 10. juni 2020. **Stad:** Digitalt møte i teams. **Tid:** kl. 19.00 -21.00

Desse tok del: Siv Merete Stadheim, Silje Vallestad, Karen Weichert, Irene Lunde, Odd Henrik Berge, Ron Overdevest og Vigdis Flaten Kvamme.

Ny sak 27 blei ført inn i protokoll.

Ron forlèt møtet kl. 20.20

Melde forfall: Steffen Sandene og Lars Røyrhus

Tilsette: Marie Sørnum og Astrid Kalstveit

Sak 25 Innkallinga vart godkjent

Sak 26 Protokoll styremøtet 12. mai vart godkjent

Sak 27 **Oppretting interim hytte – og ruteutval**

Tor Arne Hauge, Tor Magne Gangsøy og Karen Weichert blei valde til medlemar i interimgruppa for rute- og hytteutval i SFT fram til neste årsmøte. Utvalet har planlagt eit fyrste digitalt møte 16. juni.

Sak 28 **Orienteringssaker**

Administrasjonen rapporterte om prioriterte oppgåver

Kursaktivitet. Sjå vedlagt oppdatert aktivitetsplan.

Grunnkurs Hav: 28.-30. august. Klatre/Brattkort ute: 29.-30. august. Turleiarkurs, Hardbakke Solund: 11.-13. september. Lagt inn aktivitet på nytt og gjort avtalar/bestillingar

Prioriterte oppgåver frå styret:

- *Følgje opp lokallaga i høve råd/retningsliner knytt til korona*

Ja, dagleg oppfølging og vidareformidling gjeldande instruksar hytter og turar.

Marie/DL utarbeidd plakatar for bruk på hytter m.m.

Brukar mykje tid på digitale system og forbetringar wisma, stripe, sherpa, office, focus, altinn (naturvern), ut.no, landsmøtet (digitalt)

- *Digital system for samhandling med lokallaga*

Prosjektlear hatt Teams møte 26. mai med 11 BT-kontaktar i samråd med DL.

- *Elektronisk fakturering*

DL har fått tilgang og opplæring i bruken

- *Hyttebooking*

DL har kontakt med lokallaga om kven vil kome i gang og er interessert få på plass VisBook og Nets betalingsløsning. YNT har booking Kråkenes fyr og er klare med Skongenes fyr før sommarsesongen.

Indre Sunnfjord Turlag har sendt inn skjema til DNT. Flora Turlag er interessert og har så vidt starta prosess med booking. FT har starta manuell booking på Kinn. IST har starta manuell booking på Nipebu, VT har starta manuell booking på Sylvarnes og på Målsethytta (13.06). LuT har manuell booking på Fivla og Fuglesteg. Tungestølen satsar på VisBook, men litt oppstartsproblem.

INT, KT, ST og YST går ikkje for VisBook i denne omgang og vel andre løysingar inntil vidare.

Nye retningsliner er kome i høve bruk av hyttene (8.6.2020)

- *UT.no – leggje ut så det ligg minst 10 turar pr lokallag i løpet av 2020*

DL har gjort sondering og dei fleste lokallaga har vore ivrige lagt ut turforslag.

Har oppmoda INT, VT, YST, AuT og LuT om å leggje ut fleire, då dei har få eller ingen turar tilgjengelege. Har tilbydd laga assistanse, men dei må bidra med framlegg og omtale/bilete, og adm. kan bidra med å leggje ut.

- *Prioritere veka si turanbefaling via FB – den turen må ligge på ut.no*

Ja, det har blitt gjort og held fram med denne oppgåva med ulik vri arrangert tur i lokallag eller ut.no turforslag.

Prosjektlear informerte

19. mai: Prøvde i samarbeid med utekontakt i Sunnfjord kommune å få til tur til dagsturhytta i Førde. Diverre ingen påmelde.

26. mai: Skypemøte med 11 Barnas Turlag kontaktar.

8. juni Møte med ungotvalet og planla aktivitetar hausten 2020. Sjå vedlagt referat

12. juni Planlagt pizzakveld i Stryn med lokale ungdomar og INT styremedlem.

Arrangere ein dag i kvart lokallag med aktivitet for ungdom i løpet av skuleferien. Dette som kompenserande tiltak for Basecamp. Sjå vedlagt aktivitetsplan for veke 26,27 og 28.

Utlån av skiutstyr fram mot 1. juni.

E-post frå Ole Schanke Eikum

Styreleiar refererte til SFT sitt tidlegare vedtak (18.4.2018) om støtte til filmprosjekt. SFT bør passe på å ikkje gje støtte til prosjekt der budskapet er utanfor det som SFT/DNT står for i høve strategidokument.

Avisoppslag 10. juni i Bergens Tidende i høve vindkraft

Medieutspelet 10. juni frå Bergen og Hordaland Turlag i Bergens Tidene i høve vindkraftutbygging på Bremangerlandet. Ein bør bruke DNT-Vest når ein går ut i media i samband med vindkraftsamarbeidet.

Dato fellessamling SFT i Vik i Sogn: 17.-18. oktober. DL tingar plass på Blix hotell.

Sak 29 Saksførebuing DNT sitt landsmøte. Styret gjekk gjennom landsmøtepapira. Styret støttar Bergen og Hordaland Turlag sitt framlegg ny medlem valnemnd DNT, om dei opprettheld sitt framlegg.

Vidare blei Endringsframlegg, sak 3, Budsjettforutsetningar for 2021 frå Bergen og Hordaland Turlag drøfta. Styret støttar å få inn natur, kulturarv og miljø inn i teksten.

Sak 30 Organisasjonelle endringar SFT sin administrasjon og vegen vidare.

Styreleiar gjekk kort gjennom oppsummeringa frå møta med lokallaga.

Styret vil ta omsyn til punk i samandraget, som blei sendt ut til styret, i den vidare prosessen.

Styret tek med innspel frå lokallaga i samband med utlysinga av stillinga, ref sak 31. Det vert jobba vidare med at administrasjonen får ein tettare rolle i høve lokallaga, og hovdeoppgåva er å vere støtte for dei i dagleg drift

Vi vil då tone den delen var verksemda som i dag er retta mot 1. linjeteneste til publikum.

Det vart og diskutert at utlån av utstyr bør heller vere på eit meir lokalt nivå enn at det skal liggje til SFT, men SFT har den totale oversikta på kvar og kor utstyr er tilgjengeleg for utlån.

Sak 31 Prosess i høve rekruttering dagleg leiar stilling

Styret må byrje med utlysingsprosessen etter ferien. Viktig ha overlapping med dagleg leiar for ny tilsett. Pga ferieavvikling er stillinga ledig frå 1. april 2021. Eksisterande stillingsinstruks må gjennomgåast.

Sak 32 Ymse. Neste styremøte 26. august. Møtet slutt kl. 21.40.

Referent: Karen Weichert og Astrid Kalstveit